


STATENS VEGVESEN MØRE OG ROMSDAL LABORATORIET		HOVUDARKIV: 46.009.04 OPPDRAG: Nr 91.046 LAB.ARKIV: RV 009      HP 04 KOMMUNE: KARTREFERANSE:						
TITTEL: SIKRING AV SKJERING CA. 200M UT FOR NORDRE ENDE AV MÅNDALSTUNNELEN.								
SAKSBEHANDLAR: Kåre Ingolf Karlson						RAPPORT NR 7		
KONTAKT: Overing. J.Engeseth, opps. L.Brautehaug								
DATO: 1993-04-22	SENDT TIL	Vsj.	Avsj	KL	JE	LBR		Lab.ark
VÅR REF:	EKSEMPLAR	1	1	1	1	1		3
Laboratoriet, Molde, den 21/4-93 B. Wivestad								

I samband med bygginga av Måndalstunnelen er vegen på nordsida av tunnelen lagt inn i terrenget. Det har ført til at ei lengre skjering er sprengt ut. Det meste av skjeringa er ferdig sikra, men eit kortare parti står igjen fordi det har vore dekt av eit pukklager. På ei synfaring den 15.04.93 saman med overingeniør Jakob Engeseth og oppsynsmann Lars Brautehaug, vart nødvendige sikringstiltak vurdert.

Eit sprekkese sett med strøkretning nær parallelt skjeringsveggen og fall ca. 40° inn på vegen, gjer delar av skjeringsveggen ustabil. I vedlegg 1 er den ustabile delen av skjeringa vist. Nokre store blokker utan fot i grøfta ligg på eit sprekkplan med vassig. Desse må sikrast med boltar. Det må nyttast 3m og 4m lange polyesterforankra boltar med diameter 20mm som kan spennast opp. Boltane må ha retning vinkelrett på strøkretninga og stigning ca. 15° (400 grader sirkelinndeling) i høve til horisontalen. På vedlegg 1 er bolteplasseringa vist. Ved sida av kvar bolt er det skriva 3 eller 4 som står for boltelengde 3m eller 4m.



Tilrædd bolting i skjering ved Sauset.  
Boltelengde er skrive på ved kvar bolt.